



Pølsa smakar godt

KVALITET: Lauritz Haarr opna den første pølsa 28. oktober og fortel at kvaliteten har vore jamn og god gjennom heile pølsa.

HÅ: Sidan slutten av oktober har Lauritz Haarr skore grassurfôr i blokkar ut av enden på ei 50 meter lang pølse. Både bonden og kyrne er så langt nøgde.

TEKST OG FOTO: Dag Idar Jøsang, dag@norsklandbruk.no

Pølsene blei pakka med ein Haylage baler EB 310 LG frå tsjekkiske Eurobagging. Maskinen hadde sin noregsdebut i Rogaland i sommar, og Haarr eig halvparten av firmaet, som både skal leigekjøre med eigen maskin og selje maskinar til andre entreprenørar. Så langt har hans egne erfaringar vore positive, med knapt ein gaffel forspel sidan oktober. Det er få andre som har starta fôringa frå pølsene ennå, men hos ein kunde har det vore noko større variasjon i førkvaliteten.

– Der blei fuglane litt for nysgjerrige, og det kom

luft til, som har danna mugg enkelte stader, fortel han.

Med ei krokodilleklo som reiskap har han ete seg gjennom ei pølse med førsteslått, og der var kvaliteten like god gjennom alle dei 70 metrane.

– Kvaliteten har vore bra, kyrne likar det dei får på fôrbrettet og mjølkemengda har gått opp.

POSITIV EFFEKT

Tidlegare har Lauritz Haarr lagra grassurfôret i både stakk og rundballar. Varierende kvalitet og stort forspel var ein av faktorane som gjorde at han ville vekk frå utesilo på grus, mens transport og handtering av plast gjorde at han var lei av rundballar. Bonden, som frå gardsplassen kan høyre bølgiene frå Nordsjøen buldre inn over rullesteinane, hadde eit forbruk på fem til seks rundballar om dagen.

Kor mykje som skuldast fôr eller framgang i avl, er ikkje mogleg å talfeste, men Haarr er klar på at avdråtten i alle fall ikkje har gått feil veg, etter at han byrja å fôre med grassurfôr frå pølsene.

– Med om lag 9 200 liter mjølk på 305-dagars laktasjon på førstekalvskyr og 27 kilo kraftfôr per 100 kilo EKM, må i alle fall nokre av variabelane ein skal stri med, vere i orden. Så langt vil eg seie at fôret har hatt ein gjennomgåande positiv effekt på produksjonen, fordi det held så jamn kvalitet. I løpet av fjoråret gjekk eg ned ein klasse på kraftfôret, men mjølkemengda har halde fram med å auke.

LETT OG LUFTIG

Norsk Landbruk var med då Lauritz Haarr spretta den første pølsa i slutten av oktober. Graset i stuvnen er lett, luftig og luktar godt. Under den tjukke plasten bular det av gras her og der, men sjølv om pølsa ikkje ser like jamn ut på overflata som andre meterpølsar, er innhaldet kompakt og heilt lufttett pakka. Ei pølse på 50 meter har eit innhald som tilsvarar graset i rundt 300 rundballar, eller 280 kubikkmeter om ein vil.

Fuglar som pikkar hol i plasten, har ikkje vore



NØGD: Haarr har vore godt nøgd med konsistensen, lukta og smaken på fôret.



FÖRMIKSAR: Haarr blandar fôret etter oppskrift frå Keenan og kjører det ut med mobil fôrmiksar.



LAGRING: Ei 50 meter lang pølse tilsvarar innhaldet i om lag 300 rundballar. Diameteren på pølsene er 2,5 til 3,0 meter.

noko problem. Pølsene har ikkje vore beskytta verken av nett eller anna vern.

BRUKAR KROKODILLEKLO

Til å ta ut fôret, bruker mjølkebonden ei fast skuffe med greip, også kalla «krokodilleklo». Fordi tverrsnittet på pølsa ikkje er meir enn 2,5-3,0 meter i diameter, er ikkje varmgang noko problem. Varmgang i fôret var ofte eit problem då han la graset i stakk. Eit stort snitt gjorde at graset blei eksponert for mykje luft, og særleg ute på kantane blei mykje fôr skjemt av varmgang og mugg. Pølsa opnar og lukkar ein med borrelås.

– Når stuvnen er så liten, risikerer ein ikkje varmgang, slik som i ein utesilo. Eg hadde veldig mykje forspel i utesiloen, men det skal seiast at noko av grunnen var for sterk fortørking, fortel han.

Fôranalysane viser at det var liten forskjell på fôr, med og utan bruk av konserveringsmiddel. Slutninga Lauritz Haarr har trekt, er at han kjem til å sløyfe syra hos seg sjølv neste år for å spare dei utgiftene.

– Det kan jo hende at det blir heilt andre forhold i år enn det var i fjor, og at me må bruke syre, men dersom forholda er nokolunde like, kjem eg til å kjøre utan syre. Maskinen tilset syra direkte, slik at ein slepp å kjøre det gjennom vognene, seier han. ■

”

Så langt vil eg seie at fôret har hatt ein gjennomgåande positiv effekt på produksjonen, fordi det held så jamn kvalitet.

Analys	Prov-/ordenummer: 418145/003856297	Skördedatum: 05-06-2016	Sample taken at: Lauritz Haar, Härnøysvegen 165 N-4362 VIGRESTAD, Noorwegen
Resultat i gram/kg, om inget annet anges.	Resultat produkt tor.sub. FE	Optimal nivå	Medel
Torrsubstans	338	300-500	278
pH	4,7	4,1-4,9	4,5
Smørsyra	2,5	< 3,0	4,6
Ättiksyra	19	10-20	22
Mjölksyra	23	30-70	38
ME (MJ)	10,6		
AAT	70		
PBV	28		
Svenska fodervärden			
NH ₂ -kväve(%Rp)	6	< 9	12
Råprotein (NL)	140	160-190	131
Råprotein (SE)	149	165-200	142
Løsligt råprot.(%Råpr)	64	40-60	60
Växtråd	323	230-280	310
Råfett	40	30-50	33
Råaska	56	90-120	69
Smältbarhet (%OS)	72,0	76-80	70,3
Socker	40	40-100	54
Nitrat	4,6	< 7,5	3,7
NDF	601	420-525	566
NDF-smältbart (%NDF)	68,2	70-80	60,3
ADF	353	240-290	344
ADL	29	20-30	33

Förklarande resultat i jämförelse med optimal nivå
Mycket lågt Lågt Høgt Mycket høgt Farligt høgt Förklaring sida 2

ANALYSE: Resultat fra föranalyse med bruk av GrasAAT.

Svarar til forventningane

Å lagre grovfôr i pølser er like godt som andre gode metodar for lagring av grovfôr, meiner fôrings spesialist.

TEKST OG FOTO: Dag Idar Jøsang, dag@norsklandbruk.no

Som kunde hos Keenan får Lauritz Haar tett oppfølging av fôrings spesialist Lennart Karlsson. Rådgjeveren, som sjølv driv eit mjølkebruk i Sverige, meiner at kyrne til jærbonden har respondert godt på fôret.




SPECIALIST: Fôrings spesialist Lennart Karlsson meiner fôret i pølsene ser veldig bra ut.

MÅ HA TØRT GRAS

Fôrings spesialisten meiner at det springande punktet når ein lagrar i pølser, er at gras er tørt nok. Tørrstoffinnhaldet bør ligge på mellom 30 og 40 prosent. Gras med lågare tørrstoffinnhald er vanskeleg å pakke godt i pølsa. Analyseresultata frå Eurofins viser at grassurfôret er bra på nærings- og sukkerinnhald, og at det hygienisk er bra også der det ikkje blei brukt ensileringsmiddel.

– Eg ser ingen ulemper med å kutte ut ensileringsmiddel når forholda er gode. Det er heilt vanleg å gjere det i Sverige.



VOMKARAKTER: Analyse av vomkarakter i fôret med bruk av GrasAAT.

På grunn av vêrmeldingar som sa det var utrygt for nedbør, fekk ikkje Lauritz Haar tatt slåtten på det mest ideelle tidspunktet. Han måtte vente ei veke. Lennart Karlsson er ikkje i tvil om at det var ei klok avgjerd, sjølv om det i teorien var meir næring i gras et ei veke tidlegare.

– Med tanke på at gras et kom litt for langt, har han likevel fått gode fôrverdiar. Om han hadde slått på det mest ideelle tidspunktet for gras et, kunne tørrstoffinnhaldet ha blitt på 25 prosent, og då ville ikkje fôret fungert like bra i kua. Då var det betre å vente, meiner Karlsson.

BETRE KUTTA

Ei av forbedringane var at grassurfôret denne sesongen blei betre kutta enn rundballane for-

rige sesong. Det var eit stort pluss. Saman med jamnare kvalitet over tid har det gitt ein betre fôrmiiks og mindre sortering på fôrbrettet. Han treng likevel å følgje produksjonen over eit heilt år før han trekk sikre konklusjonar.

– Hittil har alt gått slik Lauritz planla det. Det har fungert veldig bra. At me ser mindre sortering på fôrbrettet, er positivt for vomfunksjonen, seier Karlsson.

At konserveringsmetoden er like god som andre metodar, er fôrings spesialisten trygg på.

– Metoden er fleksibel og kan brukast til å lagre både grassurfôr og heilgrøde. Han er teknisk krevjande, men når pølsa først ligg der, er ho klar til bruk. Lagring i pølser fungerer for dei som vil leggje alle ensilasjen sin i pølser, og han fungerer for dei som treng eit supplement til andre metodar, seier Karlsson. ■

SISU
PRODUKTER A-S

VINTERNYTT 2017

50 år
1966-2016
SISU
PRODUKTER A-S

FRANSGÅRD SPR-1500GA

Selvlessende strømaskiner med hydraulisk drift av vals og omrører. Kassen er i Domex 420 stål og leveres lakkert eller galvanisert. Standard utstyrt med mengderegulering, steinutløser og hurtigtømming.

- Arb.br. 230 cm
- Transportbr. 245 cm
- Volum 1500 l
- Vekt 440 kg

kampanjepris
kr 33.700,-

SAMI SL 900

Sami SL er en selvlessende strømaskin med oljevolumkontroll og regulerbar gummibunn. Den leveres med omrører for jevn utmating. Kan front- og bakmonteres.

- Arbeidsbredde 200 cm
- Volum 850 l
- Vekt 330 kg

kr 25.700,-

FRANSGÅRD 220

En «semiproff» snøfreser hvor funksjonalitet og kvalitet fra de større fresene er ivarettatt. Høy kapasitet og oppdateringer har gjort dette til en populær snøfreserserie.

- Arbeidsbredde 220 cm
- Utkastervifte 66x24 cm
- Innmaterskrue dia. 35 cm
- Effektbehov 60 Hk
- Vekt 560 kg

kr 49.900,-

FRANSGÅRD TTS-240-3

Chassis er bygget med Domex 420 i viftehuse og sidene, samt slepesko i Hardox 500. Samspillet mellom innmaterskruen og utkasterviften gir en stor kapasitet og en jevn fart på snøstrålen.

- Arbeidsbredde 240 cm
- Effektbehov 80 HK
- Vekt 1050 kg

kr 74.900,-

PALMS 8S TØMMERVOGN MED 3.67 KRAN

Leveres med stort utvalg i ekstrautstyr og har kort leveringstid.

- 9 tonn nyttelast
- Singelramme med 1,9m² lastareal
- Tre stakesett
- Sving på drag
- 400/60-15,5 hjul

kr 135.300,-

JAPA 700 M/3,5 M TR

Japa 700 er en driftssikker vedmaskin som er utstyrt med 700 mm sagblad. Kløyvevæksens høyde kan enkelt justeres med pedal.

- Vekt 630 kg
- Høyde 245 cm
- Bredde 232 cm
- Lengde 165 cm

kr 72.900,-

WECKMAN WS90M

Hendig lett-dumper av meget godt kvalitet. Begrenset egenvekt gjør den perfekt for små og mellomstore traktorer, med suveren drivstofføkonomi. Hengsling av plan helt bakerst på rammen som på de proffe hengerne.

- Nyttelast 9000 kg
- Indre planlengde 368 cm
- Indre bredde 221 cm

kr 79.900,-

WECKMAN WS130

Nye og utvidede planmål gjør at tilhengerne også egner seg for rundballtransport. Kornkammer som avbildet er ekstrautstyr.

- Nyttelast 13 000 kg
- Volum med standardkarm 5,6 m³
- Hjul 520/50-17"

kr 109.400,-

SISU PRODUKTER AS TLF 63 94 39 00 E-POST KONTOR@SISU.NO WWW.SISU.NO
Forhandlernet på www.sisu.no. Kjøp trygt og sikkert hos våre forhandlere. Alle priser er netto, eks. mva. og gjelder for umontert utstyr/redskap FCA Klofta.